
Fra: solvi.spilde@fjell.kommune.no
Sendt: 30.08.2010
Til: Postmottak KRD
Kopi:
Emne: Endring i vallova - høringsuttale frå Fjell kommune

Fjell kommune gir følgjande uttale til høyring til forslag om endringar i vallova:

1. Forslag om at ein kandidat kan be seg friteken frå å stå på valliste ved kommunestyreval og fylkestingsval dersom vedkommande legg fram erklæring om at han/ho ikkje sympatiserer med vallista - *Fjell kommune er positiv til endringsforslaget.*

2. Forslag om at tidspunktet for innlevering av listeforslag vert sett til kl. 12 den 31. mars og tidspunkt for tilbakekalling av listeforslag vert sett til kl. 12 den 20. april - *Fjell kommune er positiv til endringsforslaget.*

3. Forslag om at Folkeregistermyndighetene vert pålagt å lage eit "førebel's manntal" pr. 1. april i valåret - *Fjell kommune er positiv til endringsforslaget. I tillegg er Fjell kommune positiv til utarbeiding av eit framtidig statleg drifta permanent manntal.*

4. Forslag om krav til forsegling av urner på valdagen. Dagens krav i valforskrifta til forsegling av valurner ved førehandsstemmegivinga vert føreslått fastsett i lov - *Fjell kommune er positiv til endringsforslaget*

Andre innspel:

§ Endring i valforskriftene - Kvitteingsordning for overlevering av valmateriell - *Fjell kommune er positiv til endringa.*

§ Stemmesetlar: utforming, retting, byting av setlar
Fjell kommune er positiv til arbeidet med utvikling av likearta stemmesetlar og til innskjerping av praksis i høve byting av ukurante setlar.

For Fjell kommune
Sølvi F. Spilde